



Gunn Mari er ikkje fornøgd med Uskedalsvalet

Det er både trist og trasig at Uskedalen ikkje vert representert i det nye kommunestyret. Det meiner Gunn Mari Moberg som no takkar av som mangeårig Høgrepolitikar og registrerar at bygdas namn ikkje vert å finna på lista over dei folkevalde. Ho peikar på at nabobygda Dimmelsvik til dømes har fått med 3.

- Betyr det egentleg så mykje å vera med?
- Sjølv sagt skal vi arbeide for heile komunen, men det kan ikkje vera tvil om at det er ein stor fordel å ha ein eller fleire frå bygda i kommunestyret uansett parti. Det har vi erfart gong på gong i den praktiske politikken.

Heller ikkje Gunn Mari har nokon forklåring på at ingen uskedelingar vart innvald denne gongen, Det var folk frå bygda på fleire lister og ikkje berre frå hennes parti men ingen nådde opp på valdagen. Det har svikta av ein eller annan grunn.

- For min eigen del er eg sjølv sagt svært fornøgd både med vårt lokale resultat og landsresultatet, seier Gunn Mari etter mange år som dyktig lokalpolitikar. Ho har også store forventningar til samarbeidet med Senterpartiet etter mange års samarbeid og dei erfaringane som då vart gjort. Det galdt ikkje minst erfaringane som kan oppsummerast i målsettinga om å bevare levande bygder.
- Eg reknar med at vi vil spela godt på lag, held ho fram.

Når det gjeld eige parti må vi spela på og kanalisera budskapet gjennom partiapparatet, legg ho til.

Det er ikkje berre Gunn Mari som er skuffa. Vi har i dag registrert mange replikkar om at Kvinnheradvalet var bra men Uskedalsvalet elendig.

Tekst,, foto og nett: Ola Matti Mathisen